



Ståle Dyngeland
Eidsnesvegen 35
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/2251 - 19/29897


Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
knut.bjornevoll@lindas.kommune.no

Dato:
09.10.2019

Vedrørende utbygging i sjø - gbnr 212/45 Eikanger øvre

Viser munnleg kontakt i 2015/2016 og til ditt brev motteke 08.08.2019 med spørsmål om godkjenning av brygge på gbnr 212/45.

Då det ikkje vart oppretta byggesak i 2015/2016, vart dei innlevert dokumenta dessverre ikkje arkiverte.



Ortofoto viser ingen spor av kai/brygge verken på din eigedom eller på naboeigedommen. Bygningslova av 1965 vart innført i 1966 og hadde meldeplikt for anlegg og konstruksjonar. Vi finn ingen opplysningar om kai/brygge registrert i vårt byggesaksarkiv.

For å få brygga legalisert, må du søka om dispensasjon og løyve til tiltak etter dagens byggereglar. Vi har ingen føringar for godkjenning av slike konstruksjonar, anna enn kommuneplanen, som forbyr dei jf.

Føresegner til Kommuneplan for Lindås 2011 – 2023 , kap.6 pkt 6.1 :

6 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG, MED TILHØYRANDE STRANDSONE, PBL § 11-7 NR. 6

Bruk og vern av sjø og vassdrag, fleirbruksområde

- | | |
|-----|---|
| 6.1 | Føremålet er fleirbruksområde for natur, friluftsliv, ferdsle og fiske, jf. pbl § 11-7 nr. 6. |
| 6.2 | Tiltak eller inngrep som er i konflikt med natur, friluftsliv, ferdsle eller fiske er ikkje tillate, under dette flytebrygger og kaianlegg. Dette er likevel ikkje til hinder for naudsynt forøying av anlegg for akvakultur eller utlegging av sjøleidningar for vatn, avlaup, varmpumper, straum- og telenett. Heimel: Pbl § 11-11 nr. 3. |

Du må ha dispensasjon frå arealbruken i sjø (bruk og vern av sjø og vassdrag) og frå byggeforbodet i strandsona. Byggegrensa mot sjø i kommuneplanen går rett framfor huset ditt.

Vi kan ikkje spå kva det endelege utfallet av ein slik søknad blir. Administrasjonen må i utgangspunktet følgja kommuneplanen. Både hamnestyresmakta og Fylkesmannen si miljøvernavdeling skal ha søknaden på høyring og får klagerett på ei eventuell godkjenning av dispensasjonssøknad.

Dersom du skal søka, rår vi deg til å dela opp søknaden og få avklart dispensasjonsspørsmålet før du eventuelt sender inn byggesøknad.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Ståle Dyngeland

Eidsnesvegen 35 5913

EIKANGERVÅG